

Forskar gjennom kunsten

Dei er forskarar, men driv ikkje med vitskap.
Dei er stipendiatar, men får ikkje doktorgrad.

Side 14–19



Ring, ring

Kjære forskere, det er dere som kan kunsten å snakke.



FOTO: FLICKR/CC

«**F**orskningsjournalist, sier du. Det høres vanskelig ut. De høres vanskelige ut. Forskerne, altså. Ikke journalistene. De kan jo ikke snakke så folk skjønner dem, forskerne.

De er jo så redde for å miste kontrollen, for ikke å bli sitert nøyaktig slik de vil. Og så er de umulige å få tak i, der de alltid sitter i en skrivestue/på en hytte uten veiforbindelse/på et bibliotek i utlandet/på et kontor uten navneskilt på døra/i sitt elfenbenstårn (velg selv).»

Nei, tenker jeg da. Det er ikke slik.

Torsdag 11. september 2014 hadde Aftenposten ikke mindre enn tre påminnelser om det tilsynelatende kleine forholdet mellom forskerne og verden for øvrig.

I den faste Uvitenspalta kommenterte Nina Kristiansen, redaktør i forskning.no, en ny rapport om yttringsfrihet i Norge. Den viser at 34 prosent er helt eller delvis uenig i at ansatte ved universiteter og høyskoler bør stå helt fritt til å ytre seg. «Mangel på yttringsfrihet er en trussel mot akademisk frihet og kvalitet og forskernes troverdighet i samfunnet. Likevel er det mange forskere som ikke insisterer på sin rett til å snakke om egen forskning», skrev Kristiansen.

Et par sider før i samme avis hadde Sigtona Halrynjo, seniorforsker ved Institutt for samfunnsforskning, sett seg nødt til å rykke ut mot påstander hun mente seg feilaktig tillagt, om at det er en trend å bli hjemme med barn.

«Vi stiller jo de samme spørsmålene som studentene stiller.»

«Hvorfor skal man stille opp for medier når man risikerer at det eneste som kommer frem er deskens feilaktige billedtekst – fremstilt som 'Forskerfakta'», spør Halrynjo.

Og til slutt i denne dagens Aftenposten: En annonse som inviterte til debatt under tittelen «Hvorfor taper vitenskapen? Hvorfor når ikke det vitenskapelige miljøet ut med kunnskap, kritisk tenkning og helse råd som er dokumentert?». I panelet satt både forskere, redaktører og representanter fra helsemyndighetene og alternativbevegelsen.

I Forskerforum følger vi slike debatter med stor interesse. Hverdagen vår i redaksjonen består nettopp i å ringe forskere og andre ansatte innen sektoren for å få dem til å snakke med oss. Noen ganger er det for å høre om selve forskningen, om resultater og faglige diskusjoner. Andre ganger for å få synspunkter på livet ved forskningsinstituttene, universitetene, høyskolene, bibliotekene, arkivene, museene, helseforetakene.

I disse dager er det mange som får en telefon fra oss med spørsmål om hva de tenker om strukturendringene som er på gang i UH-sektoren.

Og ja: Det er utfordringer ved å drive med forskningsjournalistikk: utfordringer med å få akademikere i tale når forskningens og utdanningens premisser skal diskuteres, utfordringer med å «oversette» et akademisk språk til noe folk flest forstår, og ikke minst: utfordringer ved det å skulle formidle kunnskap uten å lukke øynene for at ikke all forskning er like god, eller at kunnskap aldri er nøytral.

Men dette er altså vår jobb som journalister å sørge for at skjer. Og det er vi som skal passe på at når noen først uttaler seg, blir de riktig sitert. Ansatte innen forskningssektorens jobb er å ta telefonen når vi ringer, og å gjøre det de faktisk er veldig flinke til: å formidle kunnskap.

For når man snakker om forskere flest, er det som om man glemmer at de fleste av dem også er gode pedagoger, med mye undervisningserfaring. Det kommer oss journalister til gode.

Hva mente du egentlig med det? Kan du definere det begrepet? Hva er nytt ved dette her? Kan du forklare det på en annen måte? Hvorfor er dette viktig?

Vi stiller jo de samme spørsmålene som studentene stiller.

Og de fleste prøver da virkelig å komme oss i møte når vi ringer, slik kollega Aksel opplevde her en dag: Han slo på tråden til rektor ved Høgskolen i Gjøvik.

Etterpå oppsummerte Aksel samtalen slik:

«Traust type. Litt inneslutta, så jeg måtte jobbe fælt. Fikk halt ut av ham noen uttalelser og fikk ham til å se litt nasjonalt på det, inntil jeg skjønnte at nei, dette må da være feil person. Så jeg kikket på nummeret jeg hadde slått. Jeg hadde bomma på et tall, gitt. Det var en tilfeldig fyr i Søgne. Han svarte på vegne av turbussmarkedet, og var ikke veldig opptatt av fusjon med kringliggende virksomheter.»

Men han tok telefonen, og gjorde et forsøk.



Redaktør
Siri Lindstad



14: Kunsten å bli vitenskapelig

Kunsthøgskolene vil bli vitenskapelige høyskoler, men Kunnskapsdepartementet sier nei. Er tiden kommet for kunstnerisk vitenskap, eller er dette en utvanning av forskningen?



22: Litteratur og vitenskap

Poeten Espen Stueland har fått ry som vitenskapsentusiast. – Det er spennende å bringe ideene om vitenskapelighet inn i litteraturen, sier han.



26: Alger til middag

Da forsker Pierrick Stévant nylig inviterte venner på besøk, serverte han algeterte med tomat og søl, innbakt kveite i sukkertareblad og sushi med hakket søl.

4: Overvåker brudd på akademisk frihet

En ny svensk organisasjon dokumenterer hendelser der det frie ord blir slått ned på. – Ytringsfriheten i academia er truet, mener lektor ved Göteborgs universitet.

6: Sliter seg ut

Etter at barna har lagt seg, setter instituttforsker Julie Wilhelmsen seg ved skrivebordet og jobber to timer til. Hun er ikke alene om å oppleve høyt arbeidspress, viser ny rapport.

8: Vender snuten mot EU

NTNU ønsker seg nærmere Europas kjerne, og vurderer å åpne eget Brussel-kontor. Målet er både å påvirke EUs forskningspolitikk og å komme med i vinnerkonsortiene.

9: Et søskenbarn på Gjøvik for NTNU?

Utdanningsinstitusjoner bør ikke fusjonere bare fordi de ligger nært hverandre geografisk, mener rektor ved Høgskolen i Gjøvik. Selv skuer han mot trivelige Trøndelag.

10: Vil med i Cristin, de også

Databasen Cristin skal dokumentere hva som skjer i norsk forskning, men sektoren for arkiv, bibliotek og museum får ikke være med.

FASTE SIDER

32: Bøker

34: Tilbakeblikk

36: Kronikk

38: Debatt

39: Gjesteskribent

41: Informasjon fra
Forskerforbundet



Forskerforum

Nr. 8/2014 – 46. årgang

Fagblad om forskning og høyere utdanning. Forskerforum blir redigert etter redaktørplakaten og er medlem i Fagpressen.

UTGIVER: Forskerforbundet, Postboks 1025 Sentrum, 0104 Oslo, Telefon: 21 02 34 00/Telefaks: 21 02 34 01

ANSVARLIG REDAKTØR: SIRI LINDSTAD, siri.lindstad@forskerforum.no

REDAKSJONSSEKRETÆR: AKSEL KJÆR VIDNES, aksel.vidnes@forskerforum.no

JOURNALISTER: JOHANNE LANDSVERK, johanne.landsverk@forskerforum.no; SILJE PILEBERG, silje.pileberg@forskerforum.no

KONTAKT REDAKSJONEN: redaksjonen@forskerforum.no

REDAKSJONSRÅD: Martin Eide, professor UiB, Helge Salvesen, bibliotekdirektør UiT, Reidun Høydal, Møreforskning/Høgskulen i Volda

ANNONSER: Arne Aardalsbakke, Telefon: 64 87 67 90, Telefaks: 64 87 67 91, E-post: annonser@forskerforum.no

Design: Concorde Design. Forsiden: Hildur Bjarnadóttir, fotografert av Erik Norrud. Trykk: Krona Trykk.

ISSN 0800-1715. Opplag: 18 270

DOKUMENTERER OVERTRAMP

Svenske Academic Rights Watch har dei to siste åra registrert fleire titals overtramp mot tilsette i akademiske institusjonar. – Vi ser den same utviklinga i Noreg, seier Kristian Gundersen.



FOTO: MIKAEL RISEDAL/LUNDS UNIVERSITET

■ Academic Rights Watch vart oppretta då kjemiprofessor Ulfur Arnason mista kontorplatsen sin ved Lunds universitet.

Sverige, hausten 2012: Kjemiprofessor Ulfur Arnason ved Lunds universitet sender eit brev til leiinga ved universitetet der han kritiserer planane om nedskjeringar innanfor forskingsfeltet hans. Arnason er pensjonert og knytt til universitetet som emeritus. Brevet skal få store konsekvensar: Han får melding om at han mistar kontorplatsen sin, og at han ikkje lenger skal vere knytt til universitetet.

Saka får kollegaene Erik J. Olsson og Magnus Zetterholm til å reagere. Olsson er professor og Zetterholm dosent og universitetslektor, begge ved Lunds universitet. Dei vil starte ei nettside der saker som denne får merksemd.

– YTRINGSFRIDOMEN ER TRUGA

To år seinare har organisasjonen Academic Rights Watch (ARW) dokumentert totalt 35 overtramp mot studentar og tilsette i universitets- og høgskulemiljøa. Eit døme er professoren i Gävle, som fekk heile emnet sitt lagt ned etter

å ha uttalt seg kritisk om rektor. Eit anna døme er forskarane ved Sveriges lantbruksuniversitet, som vart dikterte av ein minister då dei skulle halde framlegg på FN-konferansen Rio+20.

– I fleire tilfelle har vi sett forskarar bli kasta ut av høgskular. Nokre har mista kontorplatsen, andre har mista jobben. Dette har skjedd

Academic Rights Watch

- starta av svenske akademikarar i 2012
- overvakar den akademiske fridomen i Sverige
- har sidan oppstarten registrert 35 kritikkverdige tilfelle, mellom anna uakseptable tilsetjingar og ytringar som er blitt slått ned på
- www.academicrightswatch.se

fordi dei har nytta seg av ytringsfridomen, ein grunnleggande rett i europeisk rettspraksis, seier lektor Jens Stilhoff Sörensen ved Göteborgs universitet.

Han vart kontakta av initiativtakarane Olsson og Zetterholm i 2012 fordi han hadde vist engasjement for temaet tidlegare. I dag er han ein av fem forskarar bak organisasjonen ARW.

– I tillegg til enkelttilfelle der ytringsfridomen er blitt slått ned på, har vi mellom anna dokumentert akademisk uakseptable tilsetjingar og interne reglar som hemmar ytringsfridomen, seier Sörensen.

EIT GUFS

Kristian Gundersen er fysiologiprofessor, medlem av universitetsstyret ved Universitetet i Oslo og tidlegare formann for Akademisk forum. Han meiner at utviklinga i Sverige liknar på den norske.

– Vi har hatt fleire slike saker i Noreg dei siste åra. Til dømes har tilsette blitt kalla inn på teppet for ei tilrettevising, og forskingsaktive emeritusar har mista kontorplatsen fordi dei har gått ut og meint noko som har stridd mot meininga til leiinga. Slikt blir for meg eit gufs frå land vi ikkje liker å samanlikne oss med, seier han.

Gundersen får støtte av hovudtillitsvald ved Universitetet i Oslo, Kristian Mollestad.

– Vi har ikkje hatt store saker av denne typen i institusjonen vår, men eg veit at det er noko fleire er urolege for. Særleg dei mellomlombels tilsette fryktar at det skal få konsekvensar dersom dei uttalar seg kritisk, seier Mollestad.

– REKTOR HAR MAKTA

Jens Stilhoff Sörensen meiner at utviklinga i Sverige har to hovudårsaker: Den eine er marknadsorienteringa av offentleg sektor, der universiteta ikkje berre skal forske og undervise, men også løne seg. Den andre årsaka er Autonomireformen frå 2010. Ved fleire svenske lærestader kan rektor no tilsetjast utan støtte frå dei vitskaplege tilsette.

– Reforma har gjort universiteta til toppstyrte organisasjonar, der rektor og administrasjonen har makta. Kombinert med marknadsstanketgangane inneber dette at felt som ikkje er økonomisk lønsame, kan leggst ned. I tillegg blir den fridomen dei fagleg tilsette har hatt til å meine noko om verksemda, innskrenka, seier Sörensen.

Han meiner at den største fagforeininga for akademikarar i Sverige, Sveriges universitetslärarförbund (SULF), har vist lite interesse

– INGEN FRI FLYT AV UTDANNING

Norsk forsknings- og utdanningssektor er godt vernet i de pågående Tisa-forhandlingene, ifølge Åshild Olaussen i Unio.

for problema. Forbundsjurist Carl Falck i SULF er usamd.

– SULF har vore med og hjulpet medlemmer som har møtt problem. I tillegg har vi teke opp endringane i styringsstrukturen på mange måtar, og på fleire nivå. Vi meiner at det kollegiale styret burde halde fram, men dessverre deler ikkje den svenske regjeringa denne oppfatninga, seier Falck.

STRUKTURELLE ENDRINGAR I NOREG

Medan Autonomireformen opna for strukturendringar i Sverige, har den norske Kvalitetsreforma fjerna det akademiske fleirtalet i universitetsstyra og opna for at rektorar kan tilsetjast. Førebels er det få institusjonar som har nytta seg av denne mulegheita.

Hovudtillitsvalt Kristian Mollestad meiner at endringane i den norske styringsstrukturen påverkar forholda ved institusjonane.

– Leiinga skjer no ovanfrå og ned, i staden for nedanfrå og opp. Eg forstår at fagleg tilsette blir uroa, særleg når ein ser kva som skjer i Sverige, seier Mollestad.

I 2013 vart det foreslått å innføre eit vit-skapsombod ved Universitetet i Oslo, som kan tre inn når det oppstår konflikter mellom leiinga og fagleg tilsette. Forslaget vart fremja av professorane Kristian Gundersen og Johan F. Storm.

♦ AV SILJE PILEBERG



FOTO: UNIVERSITETET I OSLO

■ – Vi har hatt fleire slike saker i Noreg dei siste åra, seier professor Kristian Gundersen.

FOTO: ICTSD



■ 50 land deltar i Tisa-forhandlingene, som har fri flyt av tjenester som mål. Trolig blir den norske utdanningssektoren godt vernet.

Verdens tjenester skal flyte fritt. Det er grunn tanken bak Tisa-forhandlingene, Trade in Services Agreement, som nå pågår for fullt. Forhandlingene bygger vidare på Gats-avtalen, som etablerte et generelt regelverk for tjenestehandel innen handelsorganisasjonen WTO. Etter gjentatte forsøk på å få WTO-medlemmene til å enes om en tjenestehandelsavtale, gikk en del land vidare med egne forhandlinger utenfor WTO-systemet. Norge er med i denne gruppen, som i dag utgjør 50 land.

Seniorrådgiver Åshild Olaussen følger forhandlingene gjennom hovedorganisasjonen Unio. Hun mener at det foreløpig ikke er noen stor grunn til bekymring for den norske forsknings- og utdanningssektoren.

– Sektoren er ganske godt beskyttet i Norges forhandlingsgrunnlag. Det som er negativt, er selvsagt at det skal forhandles. Alt vil kunne være i spill, sier hun.

VIL IKKE SPONSE UTENLANDSKE AKTØRER

Norges forhandlingsgrunnlag legger opp til at utenlandske forsknings- og utdanningsinstitusjoner skal kunne ha tilgang til det norske markedet. Slik er det også i dag. Måten Norge ønsker å verne

sektoren på, er ved ikke å sikre utenlandske aktører samme nasjonale behandling som de norske.

– Utenlandske aktører skal ha markedsadgang, men Norge ønsker ikke å subsidiere dem. Mens for eksempel en privat utdanningsinstitusjon som Handelshøyskolen BI blir subsidiert, vil ikke en utenlandsk aktør kunne påberope seg retten til det samme, sier Olaussen.

KAN BLI UTSATT FOR PRESS

Selv om forhandlingene har som mål at tjenester skal flyte fritt, kan partene gjøre unntak både for hvordan utenlandske aktører skal behandles nasjonalt, og for hvorvidt aktører utenfra i det hele tatt skal slippe til. Slik kan et land som Norge velge å verne om sektorer som skole, utdanning, forskning og helse. Likevel er det grunn til å være kritisk, mener Olaussen.

– Norge er med på å forhandle om en avtale der dynamikken er at tjenestehandelen skal bli mer og mer liberalisert. Alle land vil bli utsatt for press, og har man først åpnet opp, er det vanskelig å gå tilbake, sier Åshild Olaussen.

♦ AV SILJE PILEBERG

HVER FEMTE SYK AV ARBEIDSBELASTNING

Forskere i instituttsektoren er utsatt for uvanlig stort arbeidspress, konkluderer ny rapport.

– Det er sjelden jeg er hjemme med syke barn eller tar en kort sykemelding selv. Jeg gjør ikke bruk av rettighetene man egentlig har i forbindelse med sykdom, som gjør at arbeidslivet fungerer bra for de fleste kvinner i Norge. Det har jeg ikke tid til.

Julie Wilhelmsen er kjent med både høyt arbeidspress og utbrenthet. Hun er seniorforsker ved Norsk utenrikspolitisk institutt (Nupi) med Russland som fagfelt, og da er tid mangelvare.

Men hun er ikke alene om å kjenne på utfordringen ved å få hverdagen til å gå opp. Forskerforbundets nye undersøkelse av arbeidsvilkår ved forskningsinstituttene viser at mange forskere i sektoren har en krevende hverdag. Mye

arbeid utover normal arbeidstid og harde inn- tjeningskrav får det til å bikke over for en del: En av fem rapporterer at de har blitt syke som direkte konsekvens av høy arbeidsbelastning. For kvinner gjelder dette én av fire.

– Det forundrer meg ikke i det hele tatt, sier Wilhelmsen.

Hun har selv vært blant dem. For tre år siden ble hun sykemeldt på grunn av utbrenthet.

– Du kan kanskje si at du ikke burde jobbe her hvis du har fem barn, sier hun lettere lakonisk.

– Ja, hvordan er det mulig egentlig?

– Jeg deler opp dagen min. Stort sett er jeg hjemme til klokken fem. Da er det middag og

aktiviteter for barna, lekser og vask. Vi prøver å ha lagt de minste barna halv ni, og så jobber jeg frem til halv elleve. Da prøver jeg å stoppe.

JOBBER PÅ FRITIDEN

Wilhelmsen sier selv at hun har over gjennomsnittet å henge fingrene i, med stor familie og mange presseopptredener på grunn av krisen i Ukraina. Men beskrivelsen av tidsnød går igjen i rapporten «Faglig utvikling og arbeidsvilkår i instituttsektoren», forteller fagpolitisk rådgiver i Forskerforbundet Kari Folkenborg.

– Som ellers i forskningssektoren er det mange som jobber langt utover vanlig arbeidstid. Vi ser det særlig ved instituttene, hvor man



FOTO: AKSEL KJÆR VIDNES

■ – Nupi er et populært sted å jobbe. Det gir en ambisjonskultur, sier Julie Wilhelmsen.

jobber mest med å hente inn penger til prosjekter.

– Hvorfor er det sånn?

– Du må sitte og skrive søknader for å få inn midler, og du har stramme tidsfrister. Da blir også egen faglig utvikling skjøvet til side. Det gjelder alle i utvalget: Egen faglig utvikling utføres i stor grad på fritiden, og for noen innebærer det uønsket bruk av fritid, særlig for kvinner, forteller Folkenborg.

Faglig utvikling kan innebære å holde seg faglig oppdatert, formidle, delta på konferanser eller skrive artikler. 56 prosent av utvalget oppgir at egen faglig utvikling i noen grad innebærer uønsket bruk av fritid. 88 prosent ønsker seg mer tid til egen faglig utvikling. 39 prosent av utvalget bruker mer enn 20 prosent av arbeidstiden sin på akkvisisjonsarbeid, det vil si å søke forskningsmidler og oppdrag.

Wilhelmsen bekrefter langt på vei inntrykket fra rapporten. Ved Nupi har forskerne individuelt ansvar for å hente inn penger til egen lønn, og får bonus for vitenskapelig publisering. Det fører til at mange jobber mye, også etter normal arbeidstid.

FORMIDLING STJALER FORSKNINGSTID

– Vi må i praksis tjene inn alle månedssverkene i året selv. Tanken er vel at når vi søker prosjektpenger, skal oppdragsgiver være raus nok til å dekke det faglige utviklingsarbeidet og kommunikasjonsarbeidet som følger etterpå. Men sånn er det absolutt ikke. Jeg mister forskningstid når jeg prater med media, samtidig som det er en del av oppdraget å formidle det vi jobber med. Reelt sett blir formidling noe man gjør på fritiden, fordi du må ta igjen forskningsarbeidet etter arbeidstid.

Leder av Forskerforbundets lokallag ved Nupi, Jon Harald Sunde Lie, bekrefter Wilhelmsens beskrivelse. Han mener det høye arbeidstrykket kan gjøre at folk ikke sykemelder seg før det er for sent.

– Når vi jobber på prosjekter, må sykefravær inntil to uker tas av prosjektiden. Det fører nok til at folk strekker strikken ganske langt.

– UTSATT BRANSJE

Arbeidsmiljøsementer er opprettet av parter i arbeidslivet for å jobbe for bedre arbeidsmiljø i norske bedrifter. Ifølge direktør Kjetil Vedøy er forskere særlig utsatt for å bli utbrent. Han mener andelen som oppgir å ha blitt syke av arbeidsbelastning, er symptomatisk for bransjen.

– Det er ikke akseptabelt, men det kan forventes i denne typen yrker hvor det utøves så lite ledelse. Arbeidsmiljøet blir i mindre grad overvåket med hensyn til belastning og realis-

FOTO: ISF



■ – Vi har ikke individuelle krav til inntjening ved ISF. Det er en avlastning, sier Signe Bock Seegaard.

tiske krav i denne sektoren sammenlignet med ellers i arbeidslivet. I en typisk produksjonsbedrift vil krav til kartlegging, risikovurdering og arbeidstid være mye mer kontrollert enn i en typisk forskerstilling, sier Vedøy.

Han mener folk gjerne er mye tøffere med seg selv enn det lederne er.

– Det krever trygghet, selvtilitt og selvinnsikt å jobbe i et fritt yrke og samtidig stille realistiske krav til seg selv. Det er også vanskelig å peke på når en forsker ikke er på jobb. Man tenker gjerne på problemstillingene man jobber med selv når man ikke sitter på kontoret. Et slikt «alltid på»-modus er en kjent årsak til utbrent-symptomer, stressopplevelser og arbeidsmiljøproblemer.

– JEG FØLER MEG HELDIG

Men mange opplever også en annen virkelighet. Mens 57 prosent av utvalget i undersøkelsen rapporterer at de jobber mer enn normal arbeidstid, rapporterer 38 prosent at de jobber normalt, det vil si 38–40 timer i uken. Og 5 prosent av utvalget jobber mindre enn 37 timer. Forsker Signe Bock Seegaard ved Institutt for samfunnsforskning (ISF) føler seg privilegert.

– Hvor ofte jobber du 37,5 timer i uka?

– Det gjør jeg vel i gjennomsnitt. Jeg føler meg veldig heldig, svarer Seegaard.

– Jeg har en arbeidsgiver som er oppmerksom på at vi er avhengige av egen faglig utvik-

ling for å gjøre god oppdragsforskning. Arbeidsgiver er oppmerksom på at det kan oppstå et arbeidspress på den enkelte, og det legges stor vekt på det kollektive. Vi jobber mye i lag, og det er en god avlastning, sier hun.

Også Wilhelmsen og Lie ved NUPI understreker at de opplever et godt arbeidsmiljø med gode kollegaer. «Kollektivt» er likevel ikke et ord de bruker for å beskrive miljøet. Der går det også et skille mellom forskningsinstituttene. Ved ISF har forskerne ikke individuelle krav til inntjening. Instituttets inntekter er en kollektiv oppgave.

I UTAKT MED ARBEIDSLIVET

– Jeg opplever ikke finansiering som et press på mine skuldre. Jeg kan bare forestille meg den belastningen det må være å ha individuelle krav til inntjening, sier Seggaard.

Samtidig har også hun opplevd at kollegaer har bukket under for stress og arbeidspress, men hun mener ISF er flinke til å beskytte den enkelte.

Nettopp det sier Kjetil Vedøy er en krevende balansegang i forskningssektoren.

– Utfordringen er at man i denne typen yrker ofte ønsker seg minst mulig styring. Det er et dilemma. Den friheten man opplever ved å styre sin egen arbeidsdag, kompenseres gjerne med at man ikke får en objektiv standard for hva som er en god arbeidsytelse.

– Men det er sånn arbeidet er, svarer Julie Wilhelmsen.

– Det er veldig «con amore», der folk er villige til å jobbe mye overtid, også inn i fritiden. Jeg elsker jobben min og gjør den med glede, men jeg merker at jeg lever i utakt med resten av arbeidslivet.

♦ AV AKSEL KJÆR VIDNES

«Faglig utvikling og arbeidsvilkår i instituttsektoren»

Undersøkelse blant 637 forskere i instituttsektoren som er medlem av Forskerforbundet:

- 36 prosent vurderer sine muligheter til egen faglig utvikling som dårlige eller relativt dårlige og 88 prosent ønsker mer tid til egen faglig utvikling.
- 57 prosent jobber mer enn normal arbeidstid på 38–40 timer, og 56 prosent oppgir at egen faglig utvikling fører til uønsket bruk av fritid.
- 21 prosent oppgir at høy arbeidsbelastning har vært årsak til sykdom i perioder. 10 prosent svarer vet ikke på dette spørsmålet.

«Jeg mister forskningstid
når jeg prater med media.»

JULIE WILHELMSEN, NUPI

VURDERER BRUSSEL-KONTOR

**NTNU vil ha meir ut av forskningssamarbeidet med EU.
Eige kontor i Brussel er eitt av fleire moglege tiltak.**

– Førebels er dette ein intern diskusjon vi skal ta utover hausten. Men bakgrunnen er at vi ønskjer betre fagleg deltaking i Brussel, forstått som den europeiske forskingsarenaen, seier Nina Sindre, internasjonal koordinator i rektors stab.

– Vi treng betre oversikt over dei toneangivande aktørane og kven som er interessante konsortiepartnarar, og vi treng at fagmiljøa våre koplar seg opp mot desse. Målet er både å vere med på å utforme forskingspolitikken og dei konkrete utlysingane, og å kome med i «vinnarkonsortia».

REGJERINGA HEVAR AMBISJONANE

I juni i år la regjeringa fram strategien sin for forskings- og innovasjonssamarbeidet med EU. Her blir ambisjonane for norsk deltaking i Horisont 2020 og Det europeiske forskingsområdet (ERA) lagde svært høgt. Målet er at to prosent av dei konkurranseutsette midlane i Horisont 2020 skal hamne på norske hender, ein auke på vel 60 prosent samanlikna med det sjuande rammeprogrammet.

I den internasjonale handlingsplanen sin, som nyleg vart vedteken i styret, har NTNU sett som mål å oppnå eit aktivitetsnivå i Horisont 2020 tilsvarande ein milliard kroner for heile programperioden. Ein person permanent på plass i Brussel er eitt av mange moglege tiltak som blir vurderte.

– Ei hovudutfordring er at mange av faggruppene våre har ei rekkje plikter og oppgåver som går ut over kapasiteten deira til å pleie kontakt med europeiske aktørar. Eit eventuelt Brussel-kontor kan hjelpe til med å senke terskelen. Sjølv sagt vil det vere avgjerande at vi finn rett person til å leie kontoret, seier Sindre.

MÅ VITE KVA EIN VIL

Forskringsrådet, som også har mykje av ansvaret for å oppnå målsettinga som regjeringa har for EU-forskinga, har hatt eit eige Brussel-kontor sidan 2005. Kontoret er bemanna med ein leiar og ein assistent, og kan ta imot hospitantar frå institusjonar i UH-sektoren.

– Det er viktig å ha nokon her som berre har til oppgåve å følge med og fange opp det som skjer. Internett kan aldri erstatta det personlege nærveret, seier leiar Yngve Foss, som vedgår at dei gjerne kunne ha vore fleire tilsette. Foss meiner mange norske forskingsaktørar med fordel kunne brukt kontoret meir aktivt for å nå eigne målsettingar innanfor europeisk forskingssamarbeid.

– Det er positivt at NTNU tenkjer offensivt om EU-deltakinga si, og dei har jo allereie lang erfaring med å leite aktivt etter nye samarbeidskonstellasjonar. Regjeringsstrategien seier at

FOTO: JÁN ERIK KAARØ, NTNU



■ – Vi vil vidareutvikle forskingsprofilen vår ved hjelp av EU-midlar, seier Nina Sindre ved NTNU.

forskingsssamarbeid med EU ikkje lenger skal vere opp til den einskilde forskaren, men vere innbygd i den måten institusjonen opererer på, seier han.

– Det vil vere ei stor hjelp å ha ein strategi for kva ein eigentleg vil oppnå, og korleis EU-programma kan brukast til å oppnå det. Då vil det også bli lettare å bruke kontoret vårt meir målretta, seier han.

– IKKJE VENT PÅ UTLYSINGANE

Forskringsråd ved den norske EU-delegasjonen i Brussel, Erik Yssen, fortel at norske forskingsinstitusjonar har mange moglegheiter til å vere med å utforme EU sin forskingspolitikk. Men det gjeld å vere tidleg ute.

– Horisont 2020 blir operasjonalisert gjennom toårige arbeidsprogram. No er arbeidsprogrammet for 2016 og 2017 under utarbeiding, og Noreg kan kome med innspel mellom anna gjennom programkomiteane, der vi har talerett, seier Yssen.

Han trur det er mykje å vinne på å vere proaktiv.

– Å vente til utlysingane er ute kan innebære

at ein kjem seint på banen. Det kan svare seg å kome i kontakt med andre aktørar og vere med i europeiske nettverk.

MØTER STERKARE KONKURRANSE

Yngve Foss ved Brussel-kontoret til Forskringsrådet peikar på at regjeringsstrategien legg opp til å sjå Horisont 2020 og ERA som ein del av den samla norske forskingsinnsatsen.

– Fordelen for norsk forskning er at Noreg framleis har nasjonale midlar. Mange andre land har kutta i dei nasjonale forskingssatsingane sine. Men det vil også seie at her kjem det eit trykk frå fleire kantar: Ikkje berre møter norske forskarar eit nasjonalt krav om større utteljing i EU, men konkurransen dei møter i Europa, blir også hardare.

Nina Sindre ved NTNU fortel at dei har, og framleis vil ha, eit godt samarbeid med Forskringsrådet sitt Brussel-kontor.

– Men vi kan ikkje vente at dei skal kunne gå i djupna på kva våre fagmiljø har bruk for. Det er ein jobb vi må gjere sjølve.

♦ AV KJERSTIN GJENGEDAL

SER LENGRE ENN TIL NABOEN

Rektorer i østlandsområdet advarer mot fusjoner i universitets- og høyskolesektoren på grunnlag av geografisk nærhet.

– Å tegne en strek rundt institusjoner som ligger innenfor et geografisk område, er ikke det beste alternativet for å skape sterke miljøer, sier Jørn Wroldsen, rektor ved Høgskolen i Gjøvik (HiG).

Som én av ni institusjoner på østlandsområdet har høyskolen i teorien mange mulige fusjonspartnere. Hvorvidt geografisk nærhet eller faglig utbytte skal styre eventuelle sammenslåinger, er et springende punkt i regjeringens arbeid med å tegne et nytt kart over universitets- og høyskolesektoren. I Gjøvik er ønsket klart. Rektor Wroldsen vil heller se til interessante fagmiljøer langt unna enn til mindre relevante i nabolaget.

HiG og de andre institusjonene på Østlandet møtte kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen 23. september. Da foreslo Wroldsen blant andre NTNU som en interessant fusjonspartner.

UIO VIL IKKE HA FUSJON

– I hvilken grad vi legger faglige eller geografiske premisser til grunn, er et valg mellom to ulike prinsipper som ikke kan trekkes 100 prosent i én retning. Men vi må velge. Når statsråden sier at vi skal ha kvalitet som grunnprinsipp, mener jeg det peker mer i retning av faglige premisser enn geografiske, sier Wroldsen.

Han får støtte av rektor ved Universitetet i Oslo, Ole Petter Ottersen. Som landets største universitet kunne UiO favnet både det geografiske og faglige prinsippet ved å la institusjoner i hovedstadsregionen gå inn under universitetsparaplyen. Det vil Ottersen imidlertid ikke.

– UiO har absolutt ingen planer om å fusjonere med andre institusjoner i østlandsområdet. Vi har samtaler med andre institusjoner om samarbeid, men ikke om fusjon. Det Gjøvik sier, kan jeg bare slutte meg til. Vi er stadig på jakt etter nye fagmiljøer som er relevante for våre satsingsområder, uansett hvor i landet de måtte ligge. Men vi må ikke sette likhetstegn mellom struktur og fusjon, sier Ottersen.

ØNSKER IKKE KUNSTUNIVERSITET

Han mener den digitale utviklingen til en viss grad oppveier argumentet for sammenslåinger. Styrking av fagmiljøer kan like gjerne gjøres digitalt som fysisk.

– Vi skal ikke miste av syne den geografiske aksen. Det er alltid faglig stimulerende når forskere og studenter møtes fysisk. Men den digitale revolusjonen har også frigjort oss fra geografi, sier han.

Institusjoner som både deler geografisk og

faglig nærhet, er de kunstnerisk innrettede høyskolene: Norges musikkhøgskole (NMH), Kunsthøgskolen i Oslo og Akershus (KHiO) og Arkitektur- og designhøgskolen (AHO) i Oslo.

Da Stjernø-utvalget la frem sine forslag om ny institusjonsstruktur i 2008, var ett av forslagene å samle disse institusjonene til et «estetisk universitet». Argumentet gikk nettopp langs den faglige aksen. At institusjonene allerede er i Oslo, støtter det geografiske argumentet.

Rektor ved Norges musikkhøgskole, Peter Tornquist, advarer likevel mot tanken. De tre institusjonene har i dag gode lokaler hver for seg, og han ser det ikke som sannsynlig at de skal samlokaliseres.

– Kunsthøgskolen med felles campus kan høste faglige gevinster fordi folk møtes på tvers av studiene. Det får man imidlertid ikke med dagens delte campus. Da blir det bare en sentral administrasjon som skal sørve en kompleks struktur som ikke har noen felles tradisjoner eller ambisjoner.

– SMALL IS BEAUTIFUL

Rektor ved Kunsthøgskolen i Oslo, Cecilie Broch Knudsen, opplever også at hennes institusjon

står godt på egne bein. Hun mener at et kunstuniversitet kun blir aktuelt dersom kategorien vitenskapelig høyskole fjernes helt i kjølvannet av strukturmeldingen.

– Da vil tanken om for eksempel et spesialisert kunstuniversitet ikke være fremmed for noen av oss, sier Knudsen og legger til:

– Alle institusjonene er i en prosess. Det er ikke gitt hvordan man ser seg selv i et fremtidig landskap.

I dag er AHO og NMH vitenskapelige høyskoler, mens KHiO ønsker å bli det. Regjeringen vil imidlertid ikke innvilge noen nye titler før strukturmeldingen er behandlet.

Både Knudsen og Tornquist understreker at institusjonene deres samarbeider godt fra før. Tornquist appellerer også til det rent pragmatiske.

– Det blir ikke mer kunst for penga eller bedre utdanning ved å slå sammen institusjoner som samarbeider likevel, betyr han og legger til:

– «Small is beautiful» så lenge man har kvalitet.

AV AKSEL KJÆR VIDNES



■ Høgskolen i Gjøvik vurderer å slå seg sammen med NTNU eller Høgskolen i Lillehammer.

– FORSKINGA BLIR USYNLEG

Det er uheldig at forskning i arkiv, bibliotek og museum ikkje blir målt, meiner forskarar i sektoren. Kulturdepartementet vender det døve øyret til.

– Det er viktig at musea under Kulturdepartementet kan få rapportere til Cristin. På den måten blir museumsforskninga og forskarane meir synlege, seier Birgitte Sauge. Ho var tidlegare forskingskoordinator ved Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design.

Cristin er ein database som skal dokumentere kva som skjer i den norske forskingsverda, først og fremst innanfor universitets- og høgskolesektoren, helsesektoren og instituttsektoren.

Sauge reagerer på at sektoren for arkiv, bibliotek og museum (ABM) ikkje får vere med i Cristin-systemet.

– Eg meiner det er svært uheldig at ein heil sektor, der det blir produsert vitskapleg arbeid, er halden utanfor dette systemet. Det er universitets- og høgskolesektoren som set rammene for forskning og utviklingsarbeid (FoU), både når det gjeld resultatbasert finansiering og rapportering til Cristin. Musea er ikkje i den situasjonen, seier Sauge.

– BLIR IKKJE FØLGTT OPP

Sauge synest det er på tide at forskinga i sektoren får meir merksemd.

– Kulturdepartementet har formulert som ambisjon at musea skal drive meir forskning, men dette blir ikkje tilstrekkeleg følgt opp.

– Meiner du musea bør vere del av teljekantsystemet?

– Nei, det er ein heilt annan diskusjon som handlar om økonomi og offentlege løyvingar. Vi ønskjer at alle musea skal bli inkluderte i dokumentasjonssystemet for forskingsaktivitetar.

– BØR HA PREMIERING

Liv Ramskjær, som er generalsekretær i Noregs museumsforbund, meiner saka bør takast på alvor:

– Det er viktig for musea at forskinga blir synleg gjennom Cristin-systemet. Dette vil vere eit viktig steg for å profesjonalisere og synleggjere forskingsverksemda i musea, seier Ramskjær.

– Museumsforbundet vil arbeide politisk opp mot Kulturdepartementet i denne saka. Vi meiner Kulturdepartementet bør gå inn med midlar for å leggje til rette for eit publiseringssystem med ei eller anna form for premiering, slik dei gjer i Kunnskapsdepartementet. For å styrke forskinga i musea må ein finne tiltak som gjev insentiv til å forske, seier Ramskjær.

– Er det ønskeleg at musea blir del av teljekantsystemet?

– Det vil nok variere sterkt kva museums-tilsette meiner om dette, og på kva måte forskninga bør premierast. Teljekantsystemet er

jo omstridd blant dei tilsette i universitets- og høgskolesektoren.

SAKNAR MÅLESYSTEM

Trond Haugen er forskingsbibliotekar ved Nasjonalbiblioteket. Han er ikkje sikker på at teljekantar er det rette for ABM-sektoren, men han saknar ei form for målesystem.

– Kulturdepartementet ønskjer meir for-



FOTO: ANNE HANSTEEN JARRE/NASJONALMUSEET

■ – Det er uheldig at ein heil sektor blir halden utanfor Cristin-systemet, seier Birgitte Sauge.



FOTO: ILJA C. HENDEL/KULTURDEPARTEMENTET

■ – Vi har ikkje vurdert å innføre eit eige publiseringssystem for kulturforskning, seier statssekretær Bjørgulv Vinje Borgundvaag.

skingsaktivitet, men har ikkje noko system for å måle forskinga. Det er eit merkeleg misforhold mellom intensjon og insentiv, seier Haugen.

– Er det Kulturdepartementet som er problemet?

– Ja, det er eit strukturelt problem at det ikkje finst ein klar forskingspolitisk strategi frå Kulturdepartementet ned til institusjonane og derifrå til den enkelte forskaren. Vi har ei utfordring i sektoren vår når Kulturdepartementet ikkje har eit apparat på plass for å følgje opp og etterprøve kva som faktisk skjer av forskning ved institusjonane. På lokalt plan kan ein kanskje meine at det er greitt ikkje å ha så strenge krav som i UH-sektoren. Men på eit politisk plan blir det då vanskeleg å få forskning inn i planane til institusjonane.

USYNLEGE FORSKARAR

Lars Christian Jenssen, som representerer arkivsektoren, er einig:

– Forskingsbiten druknar så lenge departementet ikkje stiller krav om ei form for rapportering eller måling av arbeidet. Vi som forskar blir usynlege. Kulturdepartementet er fråverande i denne saka, men sterkt nærverande i andre saker, som til dømes økonomirapportering, seier Jenssen, som er førstearkivar i Riksarkivet.

Han meiner Kulturdepartementet ikkje tek ansvar for å følgje opp forskinga i sektoren.

– Ønskjer du ei form for teljekantsystem?

– Vi har ikkje diskutert internt i arkivsektoren om det er ønskeleg med løyvingar ut frå produksjon. Men det er eit stort sakn at vi i ABM-sektoren ikkje får registrert forskinga vår i Cristin. Det betyr ikkje at vi ønskjer oss teljekantar. Det er viktig å halde desse to sakene frå kvarandre, seier Jenssen.

ØNSKJER IKKJE RAPPORTERINGSKRAV

Statssekretær Bjørgulv Vinje Borgundvaag i Kulturdepartementet seier til Forskerforum at forskingsarbeidet ved norske museum, bibliotek og arkiv er ein viktig del av verksemda.

– Departementet legg til grunn at institusjonane sjølve skapar rom for forskning og utvikling innanfor dei økonomiske rammene vi stiller til disposisjon. Vi ønskjer ikkje å pålegge institusjonane fleire detaljerte mål og rapporteringskrav, seier Borgundvaag.

Han meiner det er institusjonane sjølve som veit best korleis midlane til ei kvar tid skal brukast.

– Dersom departementet skulle lage eit system der vi fastset kor stor del av statstilskotet som skal gå til FoU, ville det innebære ei detaljstyring som ingen vil vere tent med.



■ Nasjonalmuseet er truleg det einaste museet under Kulturdepartementet som rapporterer forskinga inn til Cristin.

– Kva gjer Kulturdepartementet for at forskinga skal kunne bli rapportert til Cristin?

– Vi har ikkje vurdert å innføre eit eige publiseringssystem for kulturforskning. Cristin omfattar i dag ikkje forskning i museum og andre institusjonar som Kulturdepartementet gjev løyvingar til.

FORSIKTIGE MED INNTAK

Marit Henningsen, som er fagleiar i Cristin-sekretariatet, seier at dei er forsiktige med å ta inn institusjonar som ikkje er med i ordninga for resultatbasert omfordeling (RBO).

– Det eit stort arbeid å vere med i Cristin i dag, og like arbeidskrevjande for institusjonar som står utanfor RBO. Dei må vere med i heile runddansen rundt vitskapleg publisering, sjølv dei ikkje får økonomisk uttelling for dette, seier Henningsen.

– Men kvifor skal ABM-sektoren haldast utanfor?

– Vi vil gjerne ha med alle, men heile systemet må riggast om. Eigiarane har bede oss om å utvikle ein ny versjon av Cristin, og der skal det bli mogleg å skilje mellom dei to typane

institusjonar: dei som skal vere med i rapporteringsordninga RBO, og dei som ikkje skal vere med. Vi må over til ei heilt ny plattform, og det nye systemet kjem ikkje på plass før i 2016.

– EIN OMFATTANDE JOBB

Birgitte Sauge fortel at Nasjonalmuseet har gjort tiltak for å kome inn i Cristin-systemet.

– Nasjonalmuseet er, så vidt eg veit, det einaste museet under Kulturdepartementet som no har begynt å rapportere til Cristin, seier ho.

Men korleis kunne Nasjonalmuseet kome med i ordninga?

Henningsen forklarar det slik:

– Dei kom med fordi vi gjerne vil vere opne. Men vi såg at dette skapte uvisse for rapporteringa av vitskapleg publisering. Det er ganske vanleg med sampublisering, ofte på tvers av institusjonar. Om Universitetet i Oslo (UiO) og Nasjonalmuseet har ulike forfattarar til same artikkel, så må også Nasjonalmuseet gjere eit stort arbeid med godkjenning av artikkelen etter bestemte krav. Nasjonalmuseet har jo ikkje behov for denne godkjenninga, men for at UiO skal få uttelling, må Nasjonalmuseet

inn og gjere ein omfattande jobb. Det nye Cristin-systemet vil bli meir tilpassa dei som ikkje deltek i RBO-ordninga.

Henningsen fortel at det kjem mange spørsmål frå institusjonar som vil vere med i Cristin.

– Men vi har venteliste. Og dei som tek del i finansieringsordninga, kjem først.

♦ AV JOHANNE LANDSVERK

Cristin (Current research information system in Norway)

- er eit forskingsinformasjonssystem for helsesektoren, instituttsektoren og universitets- og høgskolesektoren
- skal samle all registrering og rapportering av forskingsaktivitetar for institusjonar innanfor desse sektorane
- er eigd av Kunnskapsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet

LEGG NED NASJONAL NEMND

Stortinget har vedtatt å leggje ned den nasjonale politiattestnemnda frå 1. januar 2015. Nemnda handsamar saker der studentar har plettat på rullebladet, men likevel søker opptak på eit studium som krev politiattest. Frå nyttår må universitet og høgskular sjølv gjere desse vurderingane. Kunnskapsdepartementet trur den nye ordninga vil gje betre og meir effektiv sakshandsaming. Høgskular, studentar og nemnda sjølv fryktar at saker ikkje skal bli likt handsama fordi dei som tar avgjerdene, sit tettare på studentane og sakene, skriv Khrono.

Vil satse meir på regional forskning

■ Regjeringa ønskjer at norske regionar skal styrke engasjementet i EU-programma, ifølgje statssekretær Ingvild Næss Stub (H). I ein tale på regjeringas Holmeneseminar 1. september sa ho at dette kan styrke norsk politikk og innovasjonskraft. Saman med Forskningsrådet og Kommunenes sentralforbund møter regjeringa næringssjefar i alle fylka i landet, fylkesordførarar og fylkesrådmenn. Dei styrande skal også møte landets sju regionale forskingsfond, for å lære meir om strategiane og utfordringane for desse fonda.

Elleve millionar museumsbesøk


■ Norske museum fekk nesten elleve millionar besøk i 2013, ifølgje museumsstatistikken frå Kulturrådet. Det er ein liten auke frå året før. Sidan 2004 har besøket auka med om lag 28 prosent. Formidlingskanalen til musea, Digitaltmuseum.no, har nesten dobla besøkstala kvart år i perioden 2009–2013. Også talet på gjenstandar og foto som er digitalisert og tilgjengeleggjort, har auka. Espen Hernes, leiar for museumsseksjonen i Kulturrådet, synest utviklinga er gledeleg.

FOTO: FLICKR/CC

FOTO: FLICKR/CC

Utdanning løner seg lite i Noreg

■ Noreg er det OECD-landet der høgare utdanning gjev nest lågast økonomisk gevinst. Berre på New Zealand betyr utdanning mindre for løna. Det kjem fram av OECD-rapporten Education at a Glance. Leiar Petter Aaslestad i Forskerforbundet meiner resultatene i rapporten er problematiske for ei vidare utvikling av kunnskapssamfunnet. – Det er eit problem fordi det hindrar rekruttering til sentrale yrke i velferdssamfunnet, seier Aaslestad til Universitas.



Stadig yngre folk tar etterutdanning

■ Handelshøyskolen BI opplever eit markant fall i alderen på studentar som tar etter- og vidareutdanning. På ti år har gjennomsnittsalderen falle frå 43,2 år til 33,5 år. Noregs handelshøgskole merkar same tendens. BI-reaktor Inge Jan Henjesand trur årsaka er eit arbeidsliv i stadig forandring. – Samtidig har teknologiutviklinga og nye og fleksible undervisningsformer gjort det mogleg å studere kvar og når ein vil. Ein kan også lett kombinere studiar med jobb, seier han til Aftenposten.

Kavliprisen er eit samarbeid mellom Kunnskapsdepartementet, The Kavli Foundation og Det Norske Videnskaps-Akademi.



34%

Skeptiske til akademisk fridom

■ 34 prosent av nordmenn er usamde eller delvis usamde i at tilsette ved universitet og høgsular bør ha full yringsfridom, ifølgje yringsfridomsundersøkinga til Fritt Ord. – Eg er litt overraska over at dei spurde ikkje i større grad ser på akademisk fridom som ein verdi, seier medieprofessor Terje Rasmussen ved Universitetet i Oslo til Uniforum. Han viser til at mange er opptekne av å verne minoritetar og folk med nedsett funksjonshemming mot diskriminerande utsegner.

Fleire LO- medlemmer har høgare utdanning

■ LO har langt fleire medlemmer med høgare utdanning enn tidlegare undersøkingar har vist. Ifølgje nye tal har nesten kvart fjerde medlem minimum to år på høgskule eller universitet. – Fleire i samfunnet tar høgare utdanning, og då er det heilt naturleg at også fleire av LO sine medlemmer har høgare utdanning, seier LO-sekretær Are Tomasgård til frifagbevegelse.no. Han trur at fleire medlemmer enn før vel å ta vidareutdanning parallelt med jobb.

ÅRETS VINNARAR AV KAVLIPRISEN

Ni forskarar frå USA, Russland, Canada, Noreg, Tyskland og Storbritannia fekk Kavliprisen i september. Sir John B. Pendry (frå venstre på biletet), Stefan W. Hell og Thomas W. Ebbesen fekk prisen for sine «transformative bidrag» innan nano-optikk. Vidare gjekk prisen i astrofysikk til Alan H. Guth, Andrei D. Linde og Alexei A. Starobinsky. Brenda Milner, John O'Keefe og Marcus E. Raichle fekk prisen i nevrovitenskap. Prisen innanfor kvart fagområde er på ein million dollar.

Slår saman sjukepleieutdanningar

■ Styret på Fakultet for helsefag ved Høgskolen i Oslo og Akershus vedtok 16. september å slå saman Institutt for sykepleie i Pilestredet og Institutt for helse, ernæring og ledelse på Kjeller. Sjølv om fleire frykta kva konsekvensar samanslåinga vil ha for Kjeller som studiestad, vart vedtaket gjort mot berre éi stemme. Dette var studentrepresentanten i styret. Det nye instituttet får om lag 3000 studentar og 250 tilsette, skriv høgskuleavisa Khrono.



FOTO: FLICKR/CC



Tidkrevjande pengekamp

■ Ni av ti forskarar ved norske institutt vil ha meir tid til fagleg utvikling, men i staden kjempar dei om pengar. Ei ny undersøking blant medlemmene i Forskerforbundet viser at to av tre bruker rundt 20 prosent av arbeidstida til å søke om midlar. Enkelte bruker opp mot halvparten av tida. – Forskarane må bruke meir tid på å skaffe inntekter enn på fagleg utvikling. Dei søker om midlar og skaffar kundar som om dei jobbar i ei salsavdeling, seier leiar i Forskerforbundet Petter Aaslestad.



– Vi har bevist at vi driv forskning på høgt nivå! Det meiner rektor ved Kunst- og designhøgskolen i Bergen, Gerd Tinglum (t.v.), tidlegare rektor Nina Mølterud og prorektor Johan Sandborg. (Foto: Paul Sigve Amundsen)

Kunsthøgskolane kjempar for å bli vitskaplege høgskolar.
Men er det ikkje kunst dei skal drive med?

AV JOHANNE LANDSVERK

Balanse- kunsten

– Eg fryktar ei tredjegrads forbrenning av vitskapen, og at det vi sit igjen med, er kunstnarisk forskning.

THOMAS KVAM

Eg er ikkje forskar, eg er kunstar, seier Thomas Kvam. Han er biltekunstnar og har vore stipendiat ved Kunsthøgskolen i Oslo (KHiO), avdeling Kunstakademiet. Nyleg heldt han ein disputas med tittelen «Artistic Research for Dummies», i form av ei framsyning som var gjennomsyra av kritikk mot samanblandinga av kunst og forskning.

– Problemet med såkalla kunstnarisk forskning er at ein både skal skape kunst og samtidig vere i ein unntakstilstand der ein driv meta-refleksjon over arbeidet ein gjer. Ein skal vere litt forskar og litt kurator. Men det er jo genialt å

få 360 000 i året i tre år for å forske på seg sjølv! Kvam meiner kunsten har stått fint på eigne bein i fleire hundre år.

– Men no held det ikkje å berre vere kunstar lenger. I dette systemet skal vi liksom vere litt forskarar også. Det er eit slags teater, der alle gjev seg ut for å vere noko anna enn det dei er. Eg meiner dette er ei utvatning av forskingsomgrepet.

– Du kallar KHiO for eit kvasiuniversitet?

– Ja, det er jo ikkje nokon verkeleg doktograd dette her. Sjølv om ein kan bli førsteamanuensis, gjev ikkje stipendiatprogrammet nokon ph.d.-tittel. Så er ein litt misnøgd då, for ein skulle ønske seg så mykje meir. Og kunst-

høgskolane ser seg sjølve som vitskaplege høgskolar i det fjerne.

Godkjend på høgt nivå

For Kunst- og designhøgskolen i Bergen (KHiB) er dette likevel ikkje ein fjern draum, for i februar 2014 vart KHiB akkreditert som vitskapleg høgskole av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (Nokut).

– Eitt av krava for akkrediteringa var deltakinga vår i det nasjonale stipendiatprogrammet. Vi har også vist at KHiB driv kunstnarisk utviklingsarbeid på høgt internasjonalt nivå. Dette gjeld ikkje berre stipendiatar, men først og fremst dei fagleg tilsette. Det har vore eit stort arbeid å dokumentere dette, seier Nina Malterud, som tidlegare var rektor ved KHiB og har vore ansvarleg for søknaden til Nokut.

– Men kvifor vil ein kunsthøgskole bli vitskapleg høgskole?

– Vi har heile tida meint at kunsthøgskolane reint fagleg burde liggje i kategorien vitskaplege høgskolar, fordi vi har meir felles med desse enn dei andre høgskolane, som er breiddeutdanningar. Ein vitskapleg høgskole er på universitetsnivå innanfor eit smalt felt. På engelsk bruker dei omgrepet «specialized universities» om denne gruppa.

Får ikkje meir pengar

Tidlegare var kunsthøgskolane ein eigen institusjonskategori, men i 2005 vart dei slått saman med høgskolane.

– Stortinget bad den gongen departementet om å leggje til rette for at dei to kunsthøgskolane raskt skulle bli akkrediterte som vitskaplege høgskolar. Så dette har ei lang historie, fortel Malterud.

– Men kva følgjer får det å bli vitskapleg?

– Vi får jo rett til å opprette mastergrad gjennom eige styre, men vi får ikkje meir pengar. Valet vi tok om å søkje Nokut, setje saman dokumentasjon og la verksemda bli vurdert, har kanskje vore viktigare enn dei formelle rettane.

Malterud går ikkje med på at dette er ei form for vitskapleggjing av kunsten:

– Nei, men dette har vi hatt eit svare strev med å forklare. I prosessen har det vore viktig å vise at vi har høgt internasjonalt nivå på kunstnarisk utviklingsarbeid, og leggje dette fram for den sakkynndige komiteen i Nokut på eigne premisser. Dette er ikkje ei vitskapleggjing, men ei styrking av den kunstnariske kjernen.



– Det er jo genialt å kunne få 360 000 i året for å forske på seg sjølv, seier Thomas Kvam, som nyleg disputerte ved Kunsthøgskolen i Oslo.



– I det norske programmet står kunsten i sentrum, og det var dette som var attraktivt for meg, seier Hildur Bjarnadóttir (nr. to frå høgre). Her frå utstillingsopninga i Kunstnerforbundet.

– Ikkje vitskap, men forskning

Gerd Tinglum, som er nytilsett rektor ved KHiB, meiner dette ikkje handlar om ordet vitskap.

– Vi driv ikkje med vitskap, men med forskning, seier ho.

– *Det er vel ikkje forskning, men kunstnarisk utviklingsarbeid de driv med?*

– Kunstnarisk utviklingsarbeid ER forskning. Det er jo på det same nivået. Forsking har alltid vore ein del av kunsten. Den undersøkende delen har alltid vore der.

Tinglum viser til universitets- og høgskolelova og andre forskrifter der «kunstnarisk» er sett opp som alternativ til «vitskapleg», og at kunstnarisk utviklingsarbeid i lovverket er si-destilt med forskning.

Heller ikkje Tinglum meiner dette er ei form for akademisering.

– Det som skjer, er at kunstnarisk forskning styrker eigenarten til kunsten. Det er snakk om bevisstgjeriing og større forståing for kunstnariske metodar, innhald og kontekst. Tradisjonelt er det kunsthistorikarane som har forska på kunst, men i stipendiatprogrammet får kunstnarane ein reiskap til å setje arbeida sine inn i ein samanheng. Det var Christopher Frayling, tidlegare rektor ved Royal College of Art, som lanserte uttrykket «research through the art». Vi forskar *gjennom* kunsten – ikkje *på* kunsten.

– Meiningslaust utan ph.d.-grad

Normalt må institusjonane ha ein ph.d. for å søkje akkreditering som vitskapleg høgskole. Men for KHiB er det deltakinga i det nasjonale stipendiatprogrammet som ligg til grunn for akkrediteringa, eit program KHiB har vore administrativt ansvarleg for i ti år.

– Det treårige stipendiatprogrammet gjev ikkje ein ph.d.-grad, men har status som likeverdig med doktorgradsprogram. Det er slått fast i kvalifikasjonsrammeverket at stipendiatprogrammet ligg på doktorgradsnivå, seier Malterud.

– *Men ein blir altså ikkje doktor?*

– Nei, dessverre. Men institusjonane som er med på dette, ønskjer sterkt å få det til. Det er heilt meiningslaust i utdanningssystemet i dag å ha eit program som svever i lufta og som ikkje fører til ph.d.-grad. Programmet er bygd opp etter mønster frå ph.d.-løpet, men er erstatta med kunstnariske krav. Det er ingen grunnar til at det ikkje skal føre til ph.d.-status.

– *Kvifor er dette viktig?*

– I Noreg har vi eit veldig regulert utdanningssystem, med bachelor- og mastergrad som vi har innretta oss etter i ti år. Og det er ingen grunn til at eit tredje nivå skal ende utan ein tittel, seier Malterud.

– *Det ville gje meir status å bli kalla doktor?*

– I internasjonal samanheng gjer det programmet meir forståeleg.

– Forskinga ligg i verket

Ein av stipendiatane ved KHiB er Hildur Bjarnadóttir, som har bachelorutdanning frå Island og mastergrad i biletkunst frå USA. Nyleg opna

– Dette er ikkje ei vitskapleggjering, men ei styrking av den kunstnariske kjernen.

NINA MALTERUD

ho utstilling i Kunstnerforbundet i Oslo.

– Det eg viser her, er ein del av den kunstnariske forskinga i programmet, seier Bjarnadóttir, som er biletkunstnar og har starta opp på tredje året ved KHiB. På veggene heng vovne stoffstykker i plantefarga ull som minner om abstrakte måleri.

– Eg har hatt fleire utstillingar gjennom stipendiatperioden, og den avsluttande stipendiatutstillinga blir i Bergen i 2015. Som stipendiat blir du veldig opptatt av eiga forskning, men for meg er det veldig viktig å stille ut arbeida for å teste dei ut på publikum.

– *Er det forskning du driv med?*

– Ja, det er ingen tvil om at forskning er del av prosjektet. Vi snakkar altså om «research through the art». Den kunstnariske forskinga ligg i verket sjølv, seier ho.

Parodi over forskinga

I tilknytning til det avsluttande arbeidet må stipendiatane levere ei form for kritisk refleksjon som del av kunstprosjektet. Mange skriv tradisjonelle tekstar, men stipendiatane har stor fridom. Thomas Kvam leverte i form av ein satirisk roman.



– Det er meiningslaust at stipendiatprogrammet vårt ikkje fører til godkjend doktorgrad, meiner tidlegare rektor Nina Malterud (t.v.) og rektor Gerd Tinglum. (Foto: Paul Sigve Amundsen)

– Romanen har form som ein parodi over den forskande kunstnaren og heile ideen om kunstnarisk forskning. Samtidig er dette eit dokument der eg heilt ærleg prøver å forstå den umoglege oppgåva det er å forske på seg sjølv. Eg fryktar ei tredjegrads forbrenning av vitskapen, og at det vi sit igjen med, er kunstnarisk forskning, seier Kvam, som meiner heile dette forskingsomgrepet berre er ein strategisk metafor.

– Eg meiner ikkje at kunstnaren ikkje gjer undersøkingar. Kritikken går meir på korleis ein koplar forskinga inn mot institusjonen. Dette handlar om politikk. Heile utdanningssektoren er inne i ein stor omstillingsprosess, og så prøver dei ulike institusjonane å sjå kva karriere dei kan gjere i sitt eige fagfelt. Systemet produserer stipendiatar, som igjen går tilbake i institusjonen som undervisarar. Vi er altså ikkje her for å skape god kunst, men for å oppdra neste generasjon lærarar.

Makt til kunsthøgskolane

Her får han støtte frå kunstsosiolog Dag Solhjell:

– Eg er kritisk til at kunsthøgskolane blir underlagde ein akademisk struktur som er frammand for kunsten. Dette bind opp kunsten til også å måtte ta andre omsyn enn dei kunstnariske, seier Solhjell, som er dr.philos. i kunstsosiologi.

Han seier at det sidan byrjinga av 1980-åra har gått føre seg ei vitskapleggjering av kunsten. Først og fremst har kunstutdanningane lagt stadig større vekt på teori.

– I dag blir det stilt større krav til teoretiske kvalifikasjonar i tillegg til dei kunstnariske. Ein kunstnar kan gjere krav på ein bestemt kunstnarisk status berre ved å peike på den formelle utdanninga si. Kunstverda treng ikkje ta standpunkt til sjølve kunstverket. Noko av grunnlaget for kritikken min er at meir og meir makt blir overført frå kunstfeltet til kunsthøgskolane. Denne maktoverføringa skjer gradvis og umerkeleg, og vi blir ikkje merksame på henne før det har gått mange år.

Nokre får jobb

Bjarnadóttir meiner at det norske stipendiatprogrammet er svært ulikt ph.d.-program for kunst andre stader i verda.

– I det norske programmet er det kunsten som står i sentrum, og det var dette som var attraktivt for meg. Eg hadde nok ikkje søkt eit vanleg ph.d.-program. Her ved KHiB blir vi først og fremst evaluerte ut frå det kunstnariske produktet.

– *Kva er planen din etter at du er ferdig?*

– Då jobbar eg som heilt sikkert som kunstnar. Men om eg skulle få jobb som førsteamanuensis, tar eg jo den, seier ho.

Alle som får godkjent resultatet i stipendiatprogrammet, kan nemleg skilte med tittelen førsteamanuensis ved tilsetjing i høgskolesektoren.

– Men det er få ledige stillingar, og det er ikkje alltid desse som får dei ledige jobbane, seier Johan Sandborg, som er prorektor ved KHiB.

– Ganske mange som har fullført programmet, har gått inn i mellombelse oppdrag i kunstutdanningane. Andre har fått viktige jobbar i det offentlege kunstlivet. Eg vil tippe at mellom ti og tjue prosent held fram som reine kunstnarar etterpå.

Internasjonal trend

Sandborg fortel at dei i Sverige har ei liknande utdanning med utgangspunkt i kunstnarisk verksemd.

– Der er utdanninga godkjend som doktorgrad og heiter Konstnärlig doktorexamen. I Sverige bruker dei omgrepet «konstnärlig forskning». Så vi jobbar ikkje aleine. Dette ligg i tida, seier han.

Malterud seier det er fleire land som i dag tar etter den norske modellen.

– Før vi starta opp, hadde vi sett eksempel på, særleg i Storbritannia, at kunstnariske prosjekt innanfor vitskaplege doktorgradsrammer ikkje førte til gode resultat korkje på kunstnariske eller vitskaplege premiss. Modellen som er vald i Noreg, set kunsten i sentrum. Sverige har henta inspirasjon frå det norske programmet, og i Nederland og Belgia er det tilsvarande innretningar. Så vi er ikkje aleine om denne utviklinga.

Blir ikkje vitskapleg

I Bergen fekk dei nyleg brev frå Kunnskapsdepartementet (KD), der det heiter at KD godkjenner den faglege vurderinga til Nokut. Men departementet vil likevel ikkje akkreditere KHiB som vitskapleg høgskole no. Regjeringa ønskjer å fryse strukturen i høgare utdanning fram til strukturmeldinga blir lagd fram i 2015.

– Ja, du kan tru vi har lese dette brevet mange gonger, seier Malterud.

– Dette må vere første gongen at dei uavhengige akkrediteringsprosessane til Nokut ikkje blir følgt opp frå departementet med det avgjerande vedtaket.

Nokut-direktør Terje Mørland er einig:

– Det er første gongen KD har gjort dette. Men det står klart i regelverket at departementet har denne retten. For at ein institusjon skal kunne søkje KD om å endre status, må Nokut først gje ei fagleg akkreditering. Deretter kan departementet gjere ei samla vurdering utanfor det faglege, seier Mørland.

– *Kvifor trur du at kunsthøgskolane vil bli vitskaplege?*

– Det vi veit, er at alle institusjonar, anten dei er ordinære universitet og høgskolar eller kunsthøgskolar, er veldig opptatt av hierarkiet som er etablert. Det handlar rett og slett om å få anerkjent det kunstfaglege arbeidet dei gjer på eit høgare nivå.

Ved KHiB er statusen som vitskapleg høgskole sett på vent, og Malterud meiner det er ein pussig situasjon å komme i:

– Når Nokut har godkjent oss, kunne vel KD ha sagt at det er greitt inntil vidare, men at det kan bli ei kortvarig glede! ■

Kva skal du med stipendiatprogrammet?



IVAR GRYDELAND Stipendiat, Norges musikkhøgskole

– Hovudmotivasjonen min er å utvide mine egne arbeidsmetodar

som utøvande musikal. Programmet gjev rom for mykje prøving og feiling, og her får eg utvikla nye måtar å lage musikk på.



FRANZ PETTER SCHMIDT Stipendiat ved Kunstfag, Kunsthøgskolen i Oslo

– Det viktige for meg som kunsthandverkar er at eg

får fordjupe meg i fagfeltet mitt, som er tekstil- og industrihistorie. Programmet er ikkje eit springbrett til academia på same vis som ein vanleg ph.d. er det.



FREDRIK RYSJEDAL Stipendiat ved avdeling for design, Kunst- og design- høgskolen i Bergen

– Intensjonen min med

programmet har vore å auke kunnskapen om digitale teikneseriar. Eg trur ikkje det ventar ein ny jobb, men eg har fått lov å spesialisere meg og kan tilføre fagfeltet noko nytt.

Stipendiatprogrammet

- nasjonalt program oppretta i 2003
- del av Program for kunstnerisk utviklingsarbeid
- eit tverrfagleg program som inkluderer musikk, film, scenekunst, design og visuell kunst
- finansiert av Kunnskapsdepartementet
- har tatt opp ca. 100 stipendiatar i perioden
- stipendiatar blir tilsette i tre år, og får eige atelier
- gjev ingen grad, men førstekompetanse ved tilsetjing

SVERIGE

SVEKKEDE RETTIGHETER

En ny kollektivavtale for håndtering av oppsigelse blant statsansatte gjør det vanskeligere å rekruttere til forskningen, mener Sveriges universitetslärarförbund (SULF). Den nye avtalen innebærer at midlertidig ansatte får begrenset sin økonomiske støtte dersom de blir oppsagt på grunn av manglende arbeidsoppgaver. Tidligere måtte en statsansatt være ansatt i tre år for å få fulle rettigheter. Nå må man ha jobbet seks år ved samme arbeidsplass. Perioden man har vært doktorgradsstudent regnes heller ikke med, skriver Universitetsläraren.

STORBRITANNIA

Universitetenes våpenkappløp

■ Fire av fem økonomidirektører ved britiske universiteter sier at de planlegger omfattende investeringer i nye fasiliteter det neste året. I undersøkelsen, som er gjennomført av Deloitte, svarer halvdelen av økonomidirektørene at de også vil låne penger for å finansiere byggeprosjekter. Prosjektene gjelder alt fra investeringer i nye laboratorier og biblioteker til å bygge opp helt nye campuser. Investeringsiveren reflekterer et økende «våpenkappløp» mellom britiske universiteter for å tiltrekke seg studenter, skriver Financial Times.



FOTO: FLICKR/CC

AFRIKA

Vil konkurrere med Harvard

■ Et nettverk av 25 afrikanske universiteter er i ferd med å opprette det som skal bli et afrikansk eliteuniversitet, skriver den sørafrikanske avisen Business Day. Det pan-afrikanske universitetet er ment å være et alternativ til internasjonale toppuniversiteter som Harvard (bildet) og Yale. Ifølge avisen er det i dag lettere for en afrikansk toppstudent å få stipend ved amerikanske universiteter enn ved et universitet på sitt hjemmekontinent. Den første campusen skal åpne på Mauritius i 2015.



VERDEN

Åpen tilgang med åpen redigering

■ Åpen tilgang-tidsskriftet eLife har lansert en ny form for artikkel som tillater forfatterne å rapportere inn signifikante endringer i deres opprinnelige forskning, skriver Times Higher Education. Endringsmuligheten skal gjøre det mulig å oppdatere forskningen uten å måtte skrive helt nye artikler. Oppdateringene skal generelt kunne strekke seg til 1500 ord og vil bli vurdert av de samme fagfellene som vurderte den opprinnelige artikkelen. eLife vurderer også å åpne opp for oppdateringer av andre enn de opprinnelige forfatterne.

FOTO: FLICKR/CC

Strammere ideologisk kontroll

■ Tre fremtredende kinesiske universiteter har uttalt at de vil stramme inn den ideologiske kontrollen over studenter og ansatte, rapporterer Channel News. Erklæringen fra Peking universitet i Beijing, Fudan universitet i Shanghai og Sun Yat-sen universitet i Guangzhou settes i sammenheng med en større innstramming av ytringsfriheten i landet. Fudan universitet sier at universitetene bør styrke undervisningen i partiets historie og gi studentene en «dyp forståelse for hvorfor Vestens utviklingsretning er upassende for Kina».

Mister internasjonale studenter

■ Da Sveits' befolkning i februar stemte for å begrense innvandringen fra EU, iverksatte de samtidig sanksjoner som påvirker universitets- og forskningsmiljøene. EU svarte med å ekskludere Sveits fra både studentutvekslingsprogrammet Erasmus og forskningsprogrammet Horizon 2020. Programmene forutsetter fri bevegelse av personer innenfor EU og samarbeidslandene. Nå merker sveitsiske universiteter konsekvensene ved at antallet internasjonale studenter har sunket med en tredjedel, melder sveitsisk kringkasting SBC.



Erasmus og forskningsprogrammet Horizon 2020. Programmene forutsetter fri bevegelse av personer innenfor EU og samarbeidslandene. Nå merker sveitsiske universiteter konsekvensene ved at antallet internasjonale studenter har sunket med en tredjedel, melder sveitsisk kringkasting SBC.

25%

Satser høyere

■ Om Kenya skal nå sine nasjonale mål, må flere studenter ta mastergrad og forskerutdanning. Det sier utdanningsminister Jacob Kamenyi, ifølge avisen The Standard. Regjeringens målsetting er at 25 prosent av studentene skal ta utdanning på mastergradsnivå, og at minst 1000 studenter skal gjennomføre en doktorgrad innen 2030. Utdanningsministeren legger mye av ansvaret på universitetene. Han krever at institusjonene går gjennom studieporteføljen hvert femte år og justerer tilbudet etter samfunnets behov.



Dømt for uredelighet igjen

■ Uredelighetsetterforskningen mot professor ved Rigshospitalet og Københavns universitet, Bente Klarlund Pedersen, har nådd en ny konklusjon. Pedersen klaget på en rekke feil i anklagene mot henne, men i en gjenopptakelse av saken har Udvalgte vedrørende Videnskabelig Uredelighed (UVVU) på ny konkludert at hun har vært uredelig. UVVU har likevel gått med på noen av innvendingene og mener uredelighet kun har funnet sted i fire artikler, mot tidligere seks. UVVU uttaler at Pedersen har unnlatt å opplyse at samme biopsier var benyttet flere ganger.

Unge tar mindre utdanning enn sine foreldre. Det bekymrer OECD.



FOTO: HUNG NGO

MINDRE UTDANNINGSMOBILITET

Den industrialiserte delen av verden viser tegn på mindre sosial mobilitet gjennom utdanning, viser en ny OECD-rapport. Andelen mennesker med lavere utdanningsnivå enn sine foreldre er i ferd med å øke. Det skjer selv om lønnsomheten ved å ha høyere utdanning i OECD-landene er større enn noensinne, skriver University World News. Andelen personer med lavere utdanningsnivå enn sine foreldre er ni prosent blant 55–64-åringer, tolv prosent blant 35–44-åringer og 16 prosent blant 25–34-åringer.



Espen Stueland etterlyser et mer engasjert forhold mellom litteratur og vitenskap.

FAKTA OG FIKSJON

ESPEN STUELAND | Poet, essayist og kritiker
i samtale med Bår Stenvik. Foto: Erik Norrud

Mange ble overrasket da poeten Espen Stueland¹ i 2009 kom ut med en 777-siders murstein om disseksjonen og kroppens kulturhistorie, kalt *Gjennom kjøttet*. Boka ble blant annet anmeldt i Tidsskrift for Den norske legeforening, der anmelderen både lot seg imponere og forundre over hva dette mangfoldige verket var, før han endte med å beskrive det som «rett og slett et imponerende stykke tverrfaglig eksperiment.»² I tiden som fulgte, kom flere tekster som bekreftet poetens vitenskapelige vending. I et essay i Klassekampen etterlyste han at de siste utviklinger innen biologi og genteknologi burde få mer oppmerksomhet i litteraturen, og at «det biopolitiske måtte omformes til en biopoetikk».

I 2013 utkom essaysamlingen *Falsk tilståelse og andre essays*, hvor han blant annet gir uttrykk for at essayet bør stilles mer til ansvar overfor historiske og materielle fakta, og gi slipp på enkelte av sine litterære privilegier. I samlingens forord distanserer han seg også fra essayistens posisjon som tilbaketrukket betrakter, noe som harmonerer med hans eget engasjement i Forfatternes klimaaksjon §112.³ Alt dette har gitt Stueland ry som vitenskapsentusiast i litterære sirkler, og da Forskerforum møtte ham i Oslo i september, var han i byen i anledning Oslo poesifestival – for å holde et foredrag om poesi og vitenskap.

– Hvordan har denne vendingen mot det vitenskapelige utspilt seg?

– For meg er 1998 et veiskille. Jeg hadde gitt ut to diktsamlinger og noen gjendiktninger, og var med på å lage et nummer av litteraturtidsskriftet *Vagant* om bekjennelser. Jeg ville skrive om Birgitte Tengs-saken og hvordan den hadde blitt behandlet i media. Den tradisjonelle forfatterimpulsen er å lage fiksjon av det. Men i denne saken var det for mye fiksjon allerede. Da jeg skrev, satt fetteren i fengsel. Han ble felt av en

– Jeg vil vise fram den rike kulturhistorien, ikke bare lage nok en «good story».

1 Espen Stueland debuterte i 1992 med diktsamlingen *Sakte dans ut av brennende hus*, og har siden gitt ut en rekke poesi- og essaysamlinger, en roman og flere gjendiktninger. Han er fast litteraturkritiker i Klassekampen, er blitt kåret til Årets litteraturkritiker og har mottatt Haldis Moren Vesaas-prisen.

2 Det faglige innholdet i *Gjennom kjøttet* fikk sitt offisielle godkjentstempel da Stueland disputerte for dr.philos.-graden ved Universitetet i Bergen med boka som avhandling. Opponenten var patolog Ole Didrik Lærum og litteraturviter Frederik Tygstrup fra Universitetet i København.

3 Et miljønettverk for norske forfattere opprettet i 2013, med Grunnlovens «miljøparagraf» som rettesnor, og uttalt mål om å «motarbeide de menneskeskapte klimaendringene ved å rette kritisk søkelys mot olje- og gassindustriens makt over norsk samfunns- og kulturliv».

«tilståelse» som avhørsteknikken hadde manipulert fram. Etterforskerne hadde lurt den siktede til å lage et manus om hvordan drapet kunne ha vært begått – helt hypotetisk. I sin prosedyre i tingretten uttalte førstestatsadvokat Harald Grønlien ved flere anledninger at «dette må være selvopplevd». Psykiateren som var oppnevnt som sakkyndig, Ulf Åsgård, gikk god for denne utlegningen. Det trigga meg veldig, for «tilståelsen» er virkelig ekstremt lite troverdig. Overalt i den dukker det opp en type rasjonalisering som gjør ghostwriteren, den rettsoppnevnte sakkyndige psykiateren Berthold Grünfeld, synlig. Det litterært troverdige er lett å se for en med kompetanse som litterat og litteraturkritiker, som meg.

– I fjorårets essaysamling reviderer og omskriver du essayene dine i lys av nye fakta og forskning i stedet for bare å trykke dem uendret. Er det i seg selv et forsøk på å nærme seg en vitenskapelig arbeidsmåte?

– Jeg har i alle fall vært veldig opptatt av vitenskapsfilosofi de siste ti-femten årene, og det er spennende å bringe ideene om vitenskapelighet inn i litteraturen. Jeg merker at en del litterater blir veldig provosert av forsøkene mine på å fusjonere disse områdene. Noen tror jeg er blitt veldig streng på det, at fornuften står i høysetet. En slik dikotomi, følelser eller fornuft, blir for kantete. Den hører hjemme i polemikkens verden. Den samme slitne dikotomien råder i debatten om nevrologi og nevrofysiologi som noen kritikere har utløst etter å ha lest romaner som anvender slik medisinske. Noen mener at de forfatterne som vil gjøre det, ødelegger romanen.

– Fordi det blir deterministisk? Slik Marco Roth, redaktør i tidsskriftet *N+1*, i essayet «Rise of the Neuro-novel» kritiserte blant annet forfatteren Ian McEwan for å gjøre?

– Ja. Problemet er at Roth i liten grad begrunner og underbygger sitt utspill. Litterater liker vel å tro at de er opptatt av å lese godt, etterprøve sine egne påstander og resonnementer. Han gjør det ikke. McEwans roman *Saturday* er ikke deterministisk, slik Roth hevder. Mennesket blir ikke redusert til sin diagnose, til en idé forfatteren kler opp i kjøtt og blod. Tvert om er det mye i boken som peker mot livet som mysterium. Romanen klarer å få fram det gode, gamle eksistensielle gyset. En reduksjonistisk lesning av *Saturday* ser bort fra alt dette.

– Finnes det en generell frykt for at man «fanger» fenomenene og fratar dem magien straks man benevner dem med vitenskapelige navn?

– Den frykten finnes. Men ta Michel de Montaigne, for eksempel. Han benytter i aller høyeste grad medisinske forståelsesmåter for å forstå seg selv i *Essays*. Det gjennomsyrrer hans tenkemåte, hvordan han tenker om mennesket. Mangler han forståelse av livets grunnleggende forunderlighet av den grunn? En Marco Roth på Montaignes tid ville hevdet at «det vil ødelegge litteraturen fullstendig, hvis man som Hr. Montaigne skal beskrive mennesket i lys av legevitenskapen».

4 Roths essay ble publisert i det amerikanske litteraturtidsskriftet *N+1* i 2009, og har siden vært hyppig sitert også her til lands i debatten om en «hjerneforsknings-trend» i moderne romaner.

– De kanoniske eksemplene på litterært anvendt samtidsvitenskap er *Frankenstein* og *Brave New World*. Men hvor er vi i dag?

– Den rettsmedisinske krimsjangeren har gjort noe interessant ved å bruke kroppen til å lage plot, på en annen måte enn gamle krimplot. På den ene siden er det en vitenskapeliggjøring av hvordan man forholder seg til kroppen. Men for at plotet skal gå opp, må de samtidig visualisere hva som skjedde: Bildet blir diffust, og flashbacken lar oss skjønne at nå ser rettsmedisineren det for seg, som et slags sjamanistisk syn. Kollisjonen mellom det høyvitenskapelige og hva forskeren tror, peker mot noe utilstrekkelig i måten å komponere fortellingen på.

– Det kan virke som om ny teknologi og vitenskap blir mest entusiastisk omfavnet av tradisjonelle plotdrevne sjangre, som sci-fi, thrillere og apokalyptiske blockbustere, altså av lavstatusformene heller enn den seriøse litteraturen?

– Kanskje det er en tyngre motstand mot vitenskapen i den tunge estetikken, og kanskje lettbeinte sjangre har større evner til å ta opp i seg ny vitenskap og teknologi, fordi det er mindre truende for det estetiske smaksparadigmet? Vitenskapen bringer innsikter som kan få verdensbildet til å gynge, derfor søker man å nærme seg den med sjangre som ikke selv røkter ved vedtatte sannheter? Poesien er en sjanger med et indre gyroskop som nuller ut gyngningene, uten å få dem til å forsvinne. Den gynger med. Et nytt og for meg svært positivt bekjentskap er den kanadiske poeten Adam Dickinson, som er opptatt av den kjemiske cocktailen vi alle har i våre kropp. Ellers leste jeg akkurat et mer enn tusen sider langt dikt skrevet av Gillian K. Ferguson. Hun har latt seg inspirere av The Human Genome Project, det enorme forskningsprosjektet som først kartla det menneskelige genmaterialet. Selv om jeg mener det ikke er helt vellykket, viser hun at poesien er en sjanger på høyde med sin tid.

– Du har sagt at du på et tidspunkt i arbeidet med *Gjennom kjøttet måtte gi slipp på de litterære triksene dine*?

– Når du ser på disseksjonshistorien, er den full av gode historier. Jeg kunne ha skrevet en historisk roman⁵ om Rembrandts maleri *Dr. Tulps anatomileksjon*, men det var ikke det jeg ville. Jeg synes litteraturen kommer til kort. Et plot utelukker så mye av det potensielle materialet, og bryter man med plotbasert fortelling, vil estetikere raskt være på plass for å si at *dette er for nedlesset med vitenskap, dette er en ubrukelig roman*. Langt viktigere var fascinasjonen for medisinhistorien. Jeg har voldsom glede av å lese William Harveys bok om hjertet, et medisinsk verk fra midten av 1600-tallet. Boken min springer ut av leseglede. Jeg vil vise fram den rike kulturhistorien, ikke bare lage nok en «good story».

– Men er det litteraturens rolle å formidle vitenskapen? Eller skal den konkurrere med etikerne om å problematisere vitenskapens følger? Eventuelt gå vitenskapsteoretikerne i nærings og kritisere kunnskapens grunnlag?

– Jeg er nok litt enig i kritikken av forfatteres intervensjoner, tanken at bare fordi man er god med språket, kan man regnes som en som bør uttale seg om hva det skulle være. Vil man unngå å virke pompøs, må man i alle fall starte med å tilegne seg kunnskap først. Men det er klart at flere bør delta i arbeidet med å tenke rundt vitenskapen og dens etiske følger. Det handler om vår felles framtid. Hvilken tyngde litterære forsøk på å innvirke i aktuelle debatter skal tillegges, eller bli tillagt, er en prinsipielt uløselig problemstilling. Litteraturen kan bidra med tvil, undersøkning og fantasering rundt mulige konsekvenser. Den kan, i beste fall, bidra med litt andre spørsmål enn de forskningen arbeider med.

– Men man havner fort i en rolle som luditt?

– Ja, men det er i noen sammenhenger et honnørord. Det er å anerkjenne bærekraftverdiene. C.P. Snow beskrev de sterke motsetningene mellom naturvitenskapen og humanister i 1950-årene. Posisjonene er stadig fastlåste. Men forskningsjournalisten Jonah Lehrer sier noe interessant om det han kaller «den tredje posisjonen». Han mener at

5 En passant nevner Stueland at *Trainspotting*-forfatter Irvine Welsh har skrevet et filmmanus om de kjente gravrøverne Burke og Hare, som tidlig på 1800-tallet tjente penger på å grave opp lik og tilfredsstille etterspørselen fra Edinburghs anatomiskoler.



denne tredje typen kultur kan være en feiring av pluralismen, hvor man bruker innsiktene fra flere felt for å belyse mennesket fra så mange vinkler som mulig.

– Opplever du at flere i det litterære feltet har fått en nyvunnen interesse for vitenskap i løpet av de siste tiårene?

– Jeg er enig i at hvis man sammenlikner etterkrigsdiktning med poesi fra vår tid, er det en enorm utvidelse. Vi ser at poesiens autonomi, den klassiske modernismen, er et forlatt stadium. Andre diskurser enn de rent litterære virkemidlene, som plot, personutvikling, metaforikk, benyttes i en helt annen utstrekning, og det åpner for det vitenskapelige, man omfavner det encyklopediske. Humanister er ikke lenger like krakilske overfor det man kaller positivismen, og vitenskapsfilosofien har gitt oss en forståelse av kunnskap som skaper mer nysgjerrighet. Men nyhetsverdien i alt dette er relativ. Britiske litteraturforskere har vist at hver gang det utvikles nye vitenskapelige modeller eller forståelsesmåter, har poeter vært raske til å anvende dem som råmateriale. Under den britiske imperialismen var kartografi en viktig geskjeft, eller sjanger, og dette avfødte store mengder reisemetaforikk, type «hvite flekker på kartet». Etter utviklingen av visuelle verktøy, som fikk store konsekvensene for astronomi, ble den nye teknologien en referanseramme også i litteraturen.

– Hva er tilsvarende i dag?

– En poet som Bjørn Aamodt har skrevet bøker med mange referanser til moderne kvantemekanikk, og en hel diktsamling om det periodiske



– Litteraturen bør ikke skrives for å imponere vitenskapen, sier Stueland. – Den må følge sine egne veier, ellers blir det utenpåklistret.

– Humanister er ikke lenger like krakilske overfor positivismen.

system, *Atom*. Torill Wardenær har utgitt boken *Mens Higgsbosonet gnager*, Terje Dragseth bruker kvantemekanikk i *Bella Blu*, Jon Ståle Ritland, som er medisiner av profesjon, har benyttet sine medisinske kunnskaper i flere diktsamlinger. I dag er det helt stuerent å ville bruke vitenskap i diktningen.

– Tror du klimakrisen har beredt grunnen for et mer forsonlig⁶ litterært blikk på forskere?

– Jeg vet at det opptok og berørte mange skjønnlitterære forfattere at noen fortalte at klimaforskere nærmest sensurerer seg selv når de går til pressen med sine innsikter. Det var en sak om det i Morgenbladet vinteren 2013: Forskerne vet at de må gå mange runder med svært aggressive

⁶ I sitt innlegg på poesifestivalen i september beskrev Stueland en lang litterær tradisjon for å gjøre narr av vitenskapsmenn som er blinde for kontrasten mellom vyer og selvilde og sine egne smålige motiver – fra Molière til McEwan.

klimafornektende, og ikke alle forskere orker det kjøret. Så svaret er ja. At forfattere stiller seg åpne for å motta inntrykk for klimaforskningen, vil helt klart medføre mer velvilje, nysgjerrighet, ettertenksomhet. FNs klimarapporter er fulle av potensielle, litterære plot! Men litteraturen er jo ikke evidensbasert, den undersöker rasjonalitet og rasjonalitetens grenser, så selv om *forskningen* vil tjene som råmateriale, er det ikke sikkert at *forskerne* kommer bedre ut av det.

– Du har vært i dispuTT med kritiker Preben Jordal, som mener den økologiske litteraturen offerer kvaliteten for saken?

– Han er en litterær avantgardist som alltid etterlyser mer avantgarde. Jeg mener han bommer når han i tillegg vil ha en litteratur som er økologisk oppdatert. Det gjenstår å vise at avantgarden bryr seg om klimaproblematikken.

– Er det ikke et problem med økologisk litteratur at man nærmer seg klisjeer rett og slett fordi oljeselskapet Exxon i miljøsammenheng faktisk er en stor skurk?

– Åpenbart. Men jeg synes ikke det er et godt alternativ å tenke at *da gidder jeg ikke prøve i det hele tatt*. Som poet må man jo alltid, uansett, ha et bevisst forhold til klisjeer.

– Nå er du her i anledning poesifestivalen, men det er en stund siden du kom ut med poesi selv?

– Ja ... jeg skal ut med en essaysamling nå om et par måneder, og så er neste utgivelse etter planen poesi. Jeg har begynt å skrive en del.

– Hva handler den poesien om, da?

– Den som lever, får se. ■

Sans for tang og tare

Glinsande og brune flokar i fjøra går i eitt til vanleg. Tilset ein algeforskar, og vekstane frå havet trer fram som ei variert overflod av mat.

TEKST: KRISTIN STRAUMSHEIM GRØNLI

FOTO: PIERRICK STÉVANT og KRISTIN STRAUMSHEIM GRØNLI

Rundt 500 ulike artar tang og tare veks langs Norskekysten. Ingen er giftige, men ikkje alle har smak som eignar seg til mat.

FOTO: KRISTIN STRAUMSHEIM GRØNLI



PROSJEKT:

Å skildre kva slags potensial tang og tare har som mat i ein nordisk samanheng.

FORSKARAR:

Pierrick Stévant, Wenche Emblem Larssen og Annelise Chapman ved Møreforskning i Ålesund.

METODE:

Matlaging, smakspanel, forbrukarundersøking, intervju og litteratursøk.

UUNNVERLEGE VERKTØY:

Støvlar, smakslaukar, kokeplater, statistiske verktøy, vitskaplege publikasjonar, kokebøker og flybillett.



– Tang og tare smakar betre tørka. Den ferske konsistensen er ikkje like bra, seier Pierrick Stévant. Her med fingertare.

